

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 21.3.23

Stad: Fjordsenteret

### Sak 9/23. Prisar på fellingsløyva for rein

#### **Saksopplysning/vurdering:**

Sist fjellstyret justerte prisane for fellingsløyva for rein, var i 2019. Det vart i sak 23/19 gjort følgjande vedtak:

*Fjellstyret fastset følgjande prisar for fellingsløyva for rein i Aurland statsallmenning:*

- |   |                             |        |
|---|-----------------------------|--------|
| - | <i>Fritt dyr</i>            | 2000,- |
| - | <i>Bukk 2 ½ år og eldre</i> | 1700,- |
| - | <i>Simle/ungdyr</i>         | 1400,- |
| - | <i>Kalv:</i>                | 700,-  |

*For utanbygdsbuande jegerar vert prisen sett til det dobbelte av dette. Bladet "Villreinen" vert delt ut til alle som kjøper fellingsløyve. Jegerane vert ikkje belasta med fellingsavgift - denne vert dekt av fjellstyret.*

Sidan 2019 har konsumprisindeksen auka med om lag 15 %. Det tilseier at kortprisane bør aukast tilsvarande, for at inntektene til fjellstyret skal kunna halda tritt med utgiftene. Dei låge fellingskvotane ein opererer med i Nordfjella for tida gjer at eit fåtal av sokjarane får tilbod om jaktkort. Det gjer at marknadsprisen for korta har auka dei seinare åra.

Forskrifta om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning regulerer prisar på jakt- og fiskekort for statsallmenning. § 16 i denne seier følgjande:

For villreinjakt gjelder følgende øvre prisramme for utenbygdsboende:

- a. fritt dyr kr 7310,-
- b. liten bukk kr 5740,-
- c. simle og ungdyr kr 3830,-
- d. kalv kr 1800,-.

Prisrammen for villrein gjelder også når prisen fastsettes pr. kg.

Fjellstyret kan ved fastsetting av priser bestemme at det skal forhåndsbetales et fast beløp for hvert enkelt dyr som tildeles, og at resterende beløp skal betales etter felling. Fjellstyret kan bestemme at forhåndsbetalt beløp ikke tilbakebetales ved manglende felling.

Prisen på villreinjakt for innenbygdsboende kan ikke settes lavere enn halvparten av prisen for utenbygdsboende.

## **SAKSUTGREIING**

Aurland fjellstyre

Møtedato: 21.3.23

Stad: Fjordsenteret

*Sak 9/23, side 2*

I tillegg til det ordinære kortsalet, har fjellstyret dei siste åra (sidan 2019) hatt eit tilbod om dagskort for reinsjakt, der eitt eller fleire fellingsløyve har vorte tildelte jegerar for ein dag eller ei helg. I 2022 vart prisen sett til kr 500 per dag for å disponera kortet, og betaling av heile kortprisen ved felling. Dette har vore ei populær ordning, som har gjeve fleire høve til å koma seg ut på jakt. Eg går ut frå at ordninga vert vidareførd, og at det bør fastsetjast ein pris som skal gjelda vidare.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret fastset følgjande prisar for fellingsløyva for rein i Aurland statsallmenning:

Fritt dyr	2400,-
Bukk 2 ½ år og eldre	2000,-
Simle/ungdyr	1600,-
Kalv:	800,-

Dagskort for reinsjakt: 500 per dag, i tillegg til full kortpris ved felling.

For utanbygdsbuande jegerar vert prisane sette til det dobbelte av dette. Bladet "Villreinen" vert delt ut til alle som kjøper fellingsløyve. Jegerane vert ikkje belasta med fellingsavgift - denne vert dekt av fjellstyret.

Fjellstyrekontoret, den 13.3.23

Harald Skjerdal